

Heimekompostering av våtorganisk avfall

Om heimekompostering

Heimekompostering er eit godt alternativ for resirkulering av våtorganisk avfall. Dei som heimekomposterer skal ha godkjent (evt. miljømerka), lukka og isolert kompostbinge og areal til å spreie komposten på. Med miljømerka meinast mellom anna at bingen har vore gjennom samanliknbare funksjonstestar, der det er stillast krav til materialet. Desse kan kjøpast hos ulike kjente forhandlarar, saman med strø. Ein kan og lage sin eigen binge om ein ynskjer det. IATA vil då be om ein teikning/skisse av bingen.

Frådrag

Heimekompostering gir frådrag på renovasjonsavgifta for hushaldsabonnentar. Naboar kan og slå seg saman å få same reduksjon i renovasjonsavgifta.

Avtale

For å få reduksjon må ein fylle ut ei heimekomposteringsavtale. IATA IKS har utarbeidd avtalen, som alle som ynskjer å heimekompostere må underskrive og sende inn til selskapet før ein kan starte komposteringa. Avtala rommar vilkår som må være oppfylte for at heimekompostering skal være ein godkjend del av avfallshandteringa. Denne kan du finne på heimesida til IATA, iata.no, eller ved å henvende deg på tlf: 350 48 350.

Slik gjer du det:

Begynn med eit lag kvist og greinar nedst i kompostbingen. Kvistlaget bør være ca. 30 cm opp i bingen. Dette gir nok luft nedanfrå. I tillegg til matrestar, må du tilføra ei viss mengde strø (flis, bark og liknande). Ein gylden regel er å tilføra 1 del strø til 3 delar matrestar. Etter 2 - 4 månader har matrestane blitt til gjødsel, som du kan bruke i bed til blomar eller grønsakshagar.

Dette kan du kompostere: grønsaksrestar, frukt, bakevarer, kjøtt- og fiskerest. Tørkepapir og serviettar er og fint.

Dette kan ikkje komposterast: mineralolje, tungmetall, løsemiddel, støvsugeposar, sigarettar og oske, bleier, bind og Q-tips,

For at komposteringa skal skje på ein hygienisk og måte, skal det regelmessig blandast strø i komposten. Tørt hageavfall, bark, torv, sagspon, flis, eller liknande. IATA IKS sponsar ikkje strø.

Om du lurar på noko i samband med heimekompostering, ta kontakt med oss på tlf. 350 48 350 eller e-post til: iata@iata.no

Avtale om heimekompostering

I medhald av *Forskrifter for tvungen renovasjon, tømming av slamavskiljarar, tette tankar m.m. i IATA-kommunane Kap 2 §12*, blir det inngått avtale om heimekompostering av våtorganisk avfall frå eigedomen oppgitt i denne avtala. Fyljande vilkår gjeld for kontrakten:

1. Alt våtorganisk avfall skal komposterast i godkjend (evt. Miljømerka) behaldar og ikkje blandast med anna avfall.
2. Abonntenen pliktar å sjølv setja seg inn i korleis heimekomposteringa skal gjennomførast , utover den informasjonen som fylgjer denne avtala.
3. IATA IKS har rett til å føre kontroll for å sjå til at komposteringa skjer i samsvar med dei vilkåra som gjeld. IATA kan og gje pålegg og tiltak i fall manglar ikkje blir retta opp.
4. Om det blir endring i abonnement, t.d. ved flytting, skifte av kompostbehaldar e.l., skal IATA IKS ha beskjed om dette.
5. Når avtala opphører blir abonntenen automatisk knytt til den ordinære avfallsordninga, og frådraget fell vekk. Abonntenen kan seie opp avtala med 3mnd. varsel.
6. IATA IKS kan seie opp avtala straks i fall vilkåra eller evt. andre pålegg ikkje blir fylgde.

Avtala er utferda i to underteikna eksemplar, der abonntenen og IATA IKS skal ha kvar sitt.

Underteikna eigar/leigetakar av egedomen pliktar seg etter avtala å kompostere **alt** våtorganisk avfall frå eige hushald i kompostbeholdar som er lukka og isolert, samt godkjent av IATA IKS.

Eigedomar som omfattast av avtala:

Namn:	Adresse eller g.nr./br.nr.:

Type kompostbeholdar, kryss av:

Miljømerket, kjøpt av andre – beskriv: _____

Godkjent dato: _____

Selvkonstruert – legg ved tegning.

Godkjent dato: _____

I fall det er fellesløyising for heimekompostering på fleire eigedomar, må dei samarbeidande partar og signere under.

Underskrift abonnent

For IATA IKS

